

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE-233, FA-Q80	20/413

Saknr	Utval	Type	Dato
053/2020	Formannskapet	PS	10.06.2020

Oppstart av planarbeid og framlegg til planprogram for kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2020 - 2032

Vedlegg:

Journalposttittel

Utkast til planprogram for kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden 2020 - 2032

Dato

27.05.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-12 oppstart og kunngjering av arbeidet med ny kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune for 2020 – 2032, og at framlegg til planprogram dagsett 27.05.2020 vert sendt på høyring i medhald av § 4-1 i same lov.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Kommunestyret har i sak 009/2020 i møte den 13.02.2020 i samband med vedtak om planstrategi for perioden 2020 – 2023 prioritert oppstart av ny trafikksikring for Masfjorden kommune med oppstart i 2020. På bakgrunn av dette vedtaket har administrasjonen no laga framlegg til planprogram dagsett 27.05.2020, som ein ber om at formannskapet tek stilling til. Planprogrammet gjer i korte trekk greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen og opplegget for medverknad. Ein skal og vurdere verknader for miljø og samfunn, og synleggjere ulike vegval/ alternativ i planarbeidet. Tidlegare trafikksikringsplan vart vedteke i kommunestyret den 30.10.2014, og skulle gjelda for perioden 2015-2019.

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-12 skal det og varslast oppstart av arbeidet med ny kommunedelplan for trafikksikring. Denne planen vil få status som ein kommunedelplan innanfor samfunnsplanlegginga etter plan- og utbyggingslova, og vil ikkje gje heimel til arealdisponeringar. I den grad det er naudsynt vil ein i samband med dette planarbeidet kunne gje tilrådingar om endringar til kommuneplanen sin arealdel, eller koma med framlegg om behov for eigne reguleringsplanar. Trafikksikringsplanen vil handla både om fysiske tiltak og tiltak som handlar om

trafikkopplæring og haldningsskapande aktivitetar for å førebyggja ulykker i trafikken m.v.

Vidare vil ein vise til at Vestland fylkeskommune hadde frist 31. mai for kommunane om å senda inn søknad om tilskot til arbeid med kommunale trafikksikringsplanar, og at det i kriteria for tilskot ligg føre eit krav om at kommunane sjølv dekker 50 % av totalkostnaden. Det er sendt inn søknad om krone 150.000 i tilskot til å få utført dette planarbeidet, og her legg ein opp til at eigeninnsatsen til eigne tilsette vert eit viktig bidrag i kommunen sin del av totalkostnaden.

Vurdering

Rådmannen vil vise til at formannskapet med heimel i plan og bygningslova § 4-1 skal kunngjera framlegg til planprogrammet for trafikksikringsplan, slik at dette vert lagt ut til offentleg ettersyn i minimum 6 veker. Så snart høyringsfristen er over skal alle innkomne merknader drøftast i ny sak, som saman med revidert planprogram skal handsamast endeleg i kommunestyret.

Konklusjon

Rådmannen rår til at formannskapet vedtek oppstart av kommunedelplan for trafikksikringsplan for Masfjorden kommune 2020 – 2032 og at framlegg til planprogram vert sendt på høyring i medhald av plan og bygningslova § 4-1.

Formannskapet - 053/2020

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-12 oppstart og kunngjering av arbeidet med ny kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune for 2020 – 2032, og at framlegg til planprogram dagsett 27.05.2020 vert sendt på høyring i medhald av § 4-1 i same lov.